# Hospitering

Gjermundnes vgs er skulen som tilbyr Naturbruk grønt i fylket.  Ynskjer du fagopplæring innan landbruk, hestefaget eller anleggsgartnerfaget, må du byrje som elev ved Gjermundnes vgs.




**Dette infoskrivet gjeld difor alle ungdomsskuleelevar i Møre og Romsdal**

Gjermundnes vgs tilbyr hospitering etter retningslinjene i fylket. Reiseavstanden til Gjermundnes vert for mange for lang til at det er naturleg å reise att og fram på same dagen.  Vi tilbyr internatopphald ei natt i samband med hospiteringa. Skulen har 70 elevar buande på internatet med full kost og godt stell elles.



Gjermundnes vidaregåande skule

**Realfagfordjuping**
**Vg3 Naturbruk studieførebuande**

Elevar som tek til på Vg1 Naturbruk ved Gjermundnes vil gjennom dei tre åra ved skulen få tilbod om å velge følgjande fordjuping i realfag:

Vg1
**Matematikk 1T - 5 t/v**
Vg2
**Biologi 1 - 5 t/v**
**Kjemi 1 - 5 t/v**
Vg3
**Matematikk R1 - 5 t/v**
**Biologi 2 - 5 t/v**
**Kjemi 2 - 5 t/v**

*Når det gjeld Kjemi 2 vert det teke atterhald om at det er nok elevar som vel dette til å starte opp undervisning i faget.*

Programområde Naturbruk med påbyggingskurset Vg3 Naturbruk studieførebuande gjev utvida fordjuping i realfag samanlikna med alle andre yrkesfaglege programområde. Dette gjer at ein samstundes som ein får opplæring i landbruk, hestefag eller anleggsgartnerfag, skaffar seg ein studiekompetanse som gjev opptak til eit vidt spekter med høgskule- og universitetsstudium.

Telefonnr: 71 18 87 50 - Fax: 71 18 87 51 - Post: 6392 Vikebukt - E-post: gjermundnes.vgs.no

Då kommunane organiserer opplæringa i faget Utdanningsval på forskjellige måtar, vil vi ved Gjermundnes tilpasse vårt opplegg slik at det let seg gjennomføre for alle elevane i fylket. **Er du interessert så ta kontakt med skulen, så vil vi finne fram til eit godt opplegg.** Skulen vil elles arrangere open dag, vere med på aktuelle utdanningsmesser i fylket og vi vil kunne kome på besøk på skulen dykkar for å orientere om utdanningsprogramma vi tilbyr.

*Telefon 71 28 29 00*
*E-post: gjermundnes.vgs@mrfylke.no*
*web: www.gjermundnes.vgs.no*

*Velkommen*
*Aadne Haarr - rektor*